



Lokale lønsforhandlinger 2021

INFORMASJON

til tilsette i Stad kommune om lokale lønsforhandlinger 2021

Forhandlingsdatoar:

27.09.2021 – 29.09.2021:

HTA kap. 4

30.09.2021:

HTA kap. 5

01.10.2021:

HTA kap. 3.4.2, 3.4.3 og 3.5

05.10.2021:

HTA kap. 3.4.1

Generell informasjon

Arbeidstakarar vert ved tilsetjing innplassert i lønskapittel etter hovudtariffavtalen, enten i kap. 3, 4 eller 5.

Kap. 3 gjeld leiarar, her under toppleiarar, einingsleiarar og assisterande leiarar. Leiarane får løna si fastsett lokalt og denne er direkteplassert (dvs. at løna er ikkje fastsett etter ein lønstabell, men etter ei skjønnsmessig vurdering frå arbeidsgjevar si side). Det vert årleg gjennomført lokale lønsforhandlinger for leiarar omfatta av kap. 3. Også tilsette som vert innplassert i lønskapittel 5, får direkteplassert løn ved tilsetjing og får forhandla løna si lokalt utan fastsett lønspott. I Stad kommune gjeld dette kapittelet for dei som er tilsett i stilling som ingeniør, jordmor, lege, psykolog og rådgjevar.

Elles vert tilsette innplassert i kapittel 4, der løna for dei ulike stillingsgruppene er fastsett sentralt. Årleg vert det gjennomført sentrale forhandlinger ut frå ein fastsett lønspott, men også lokalt dersom det sentralt vert sett av midlar til lokal lønspott. Vi har såleis høve for å forhandle om individuelle lønstillegg, kompetansetillegg og funksjonstillegg lokalt dersom det vert sett av pengar til dette. Partane sentralt har blitt samde om ein lokal lønspott på 1 % av lønsmassen i 2021. Verknadstidspunktet er sett til 01.10.2021 for alle i kapittel 4.

Unio og Norsk lektorlag avsto meklaren sitt forslag og iverksette arbeidskamp i årets sentrale lønsforhandling. Regjeringa stansa Unio-streiken med tvungen lønsnemnd 4. juni, og resultatet for medlemmar i Unio vert difor avgjort av Rikslønsnemnda som skal handsame saka 16.09.2021. Lønsendinga sentralt er difor ikkje iverksett for medlemmar av arbeidstakarorganisasjonar i Unio. Norsk Lektorlag avslutta streiken 11.06.2021 og medlem i denne organisasjonen har fått justert løna si sentralt med verknadstidspunktet 11.06.2021.

Tilsette elles i kap. 4 har fått løna si justert sentralt med verknad frå 01.05.2021, sjå resultat frå [Mellomoppgjeret sentralt](#).

Vi vil følgje Stad kommune sin lønspolitiske plan i forhandlingane.

Forts. s 2.

Den økonomiske ramma til forhandling i HTA kap. 3 og 5

Det er ikkje avsett lokalt pott til lønsforhandlingar for tilsette i hovudtariffavtalen sitt lønskapittel 3 og 5, men forhandlingane skal gjennomførast innanfor ei økonomisk ramme som tek omsyn til kommunane sin totale situasjon, blant anna økonomien og krav til effektivitet. Partane er blitt samde om ei lønsutvikling med utgangspunkt i årslønsvekstramma på 2,82 % som er fastsett i dei sentrale lønsforhandlingane, med mindre Rikslønsnemnda kjem til eit anna resultat 16.09.2021.

Verknadstidspunktet for lønsendringa skal skje frå 01.05.2021 då dette er avtalt i lønspolitisk plan for Stad kommune.

Fristar for å fremje lønskrav

Organisasjonane sin frist for å fremje lønskrav til arbeidsgjevar er sett til **16.09.2021**. Tilsette må derfor sende sine krav til organisasjonane innan **08.09.2021** med mindre organisasjonen har gitt ein kortare frist i egne skriv til sine medlemmar.

Medlemmar i dei ulike organisasjonane sender sine krav til:

Utdanningsforbundet: leder.stad@utdanningsforbundet.no

Fagforbundet: sissel.solheim@stad.kommune.no

NITO: asbjorn.tverberg@stad.kommune.no

NSF: kine.marie.guldahl@stad.kommune.no

Norsk ergoterapiforbund: hilde.isane.hjelle@stad.kommune.no

Norsk fysioterapiforbund: berit.heien.heggen@stad.kommune.no

FO: annisette.berglund@stad.kommune.no

Kravskjema ligg i Compilo i mappe for *personal og HMS – Løn og arbeidsvilkår*.

Uorganiserte har ikkje forhandlingsrett.

Organiserte, som ikkje har lokalt forbund, må innan **08.09.2021** melde i frå om dei ønskjer å nytte tilsett i Stad kommune som representasjon til å forhandle for seg. Fullmakt må klargjerast for arbeidsgjevar skriftleg før forhandlingane.

Uorganiserte og organiserte utan lokalt forbund kan sende kravskjema direkte til personalsjef: Heidi Kroken Bruland, heidi.bruland@stad.kommune.no. Frist for å setje fram krav er **08.09.2021**.

Forhandlingsdatoar

27.09.2021 – 29.09.2021:	HTA kap. 4
30.09.2021:	HTA kap. 5
01.10.2021:	HTA kap. 3.4.2, 3.4.3 og 3.5
05.10.2021:	HTA kap. 3.4.1

Med vennleg helsing

Heidi Kroken Bruland
personalsjef

